

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 18.02.09

SAKLISTE

- 01/09 SKRIV OG MELDINGAR
- 02/09 REVISJON AV VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR
- 03/09 PLAN FOR OVERGANGAR I BARNEHAGE OG SKULE
- 04/09 KLAFF – TVERRFAGLEG SAMARBEIDSGRUPPE
- 05/09 PROGRAM FOR FORELDRERETLEIING
- 06/09 KJØP AV JORDMORTENESTER
- 07/09 KOMMUNALT NÆRINGSFOND – ÅRSRAPPORT 2008
- 08/09 BRUK AV EKSTRA VEDLIKEHALDSMIDLAR
- 09/09 BARNEHAGE BYRKNES - OPPSTART
- 10/09 EIGEDOMSSKATT – JUSTERING AV SATSAR OG REGLAR
- 11/09 IKT samarbeid

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl 12.00.
Saksdokument vert lagt til gjennomsyn i ekspedisjonen og på www.gulen.kommune.no om lag ei veke før møtet.
Nye saker kan kome til.
Møtet er ope for publikum. Alle er velkomne.

Trude Brosvik
Ordførar

Helsing frå ordføraren

Nytt år og nye sjansar! Er det ikkje flott? På Byrknes har dei gripe sjansen; Ole Svein Einebærholm og tremenningane Vidar og Bjarte Einebærholm har kjøpt kval- og fiskebåten "Olavsson" frå Fedje på 70 fot, men dei er visst allereie i gang med å forlenge han til 110 fot. Med båten følgjer kvotar på sild og makrell, og så får vi sjå om dei fer på kvalfangst også. Dette er satsing som gjer oss stolte! Lukke til!

Også regjeringa har satsa. Finansuroa nærmar seg og kvar dag les vi om tilsette som vert utan jobb. No er den lenge etterlengta "krisepakka" opna. Gulen kommune får 2, 2 mill ekstra til vedlikehaldsoppgåver. Og det er rikeleg av oppgåver som ventar. Eg berre nemner vedlikehald av kommunale vegar og bygg. I tillegg til dette er 8 mill av fylket sine midlar øyremerka opprusting av Rutledal ferjekai og reparasjonar på Sellevåg treskofabrikk er også på lista. Så Gulen får ein god del, totalt sett.

Uavhengig av dette skal kystverket i gang med å merke farleiene til sjøs i Gulen i vår. Det er kjempegledeleg og særskilt påkrevd! Og Vegvesenet seier at dei brukar 2009 til å planlegge utbetring av krysset i Instefjord og at det skal utbetrast i første planperiode.

På Skjerjehamn satsar dei på meir turistar og på å kunne tilby fjordsafari med ribbåt til både Gulatinget og Fiskarbondemuseet. Hurtigbåtstopp er påkrevd, og kommunen engasjerer seg for å få det til.

Hotellet i Eivindvik har utvidingsplanar. Som ein del av dette vert det arbeid for at Sandalsløa skal bli næringsbygg med bank og politi m.m. i underetasjen og husvære i 2.etasje. Det ville vore ei fin utvikling i Eivindvik sentrum. Og straks er vi i gang med reguleringsplanen for barnehagen i Eivindvik, nær naturleikeplassen.

Arbeidet med å greie ut framtidig båttrutesystem i Gulen og Solund er også i gang. Bli det kabelferje til Hisarøy? Eller samfunnsbåt? Eller begge delar?? Det er i alle fall heilt sikkert at når kontrakten med lastebåten som no går er ute, så vil prisen på denne tenesta bli vesentleg høgre. For kommunen er det viktig at vi får eit tilbod som er best mogeleg for flest mogeleg.

Det blir spanande framover, og mykje å glede seg til! Såg du forresten at padling i Ytre Gulen fekk dei tre første sidene i BT sitt reisebilag? Kjempflott!
Gjer året godt!

Trude



Kulturmidlar for 2009

Kulturkonsulenten minnar om at fristen for å søkje kulturmidlar for 2009 er

30. mars 2009. Det kan søkjast midlar til:

- Kulturtiltak for Barn og unge
- Kulturmidlar til Almenne kulturtiltak

Det kan søkjast på same skjema for begge tiltaka, men merk om tiltaket er retta spesielt mot barn og unge (vert handsama av Ungdomsrådet).

For meir informasjon om Kulturmidlane, sjå www.gulen.no under Søknadsskjema.



Takk til gulingane!

I samband med at politikarane har vedteke innføring av eigedomsskatt i Gulen kommune, har vi hatt medarbeidarar ute for å takserer alle eigedomane. Arbeidet har i hovudsak vore gjennomført i perioden okt 08 – jan 09 og foregått i all slags ver: regn, snø, sol og vind (ikkje stille varmt ver...) og har difor vore ei utfordring for dei som har gjort arbeidet. Det som eg imidlertid har vorte beden om, er å gje dykk alle ei tilbakemelding på at de som innbyggjarar har teke sers godt imot våre takstfolk, og spart dei for eventuelle ytterlegare utfordringar og motstand mot at kommunestyret har vedteke eigedomsskatt. Dette skal de alle ha ei stor takk for.

I desse dagar vert det sendt melding til alle med eigedom i Gulen. Meldinga inneheld faktaopplysningar vi har notert oss under vår synfaring. Dersom de finn feil i våre fakta om din eigedom, ber vi om attendemelding på dette innen angitte fristar.

Venleg helsing

Martin W. Kulild
Rådmann

Ny heimeside

www.gulen.kommune.no

I desember lanserte vi ny heimeside for Gulen kommune. Har du vore innom? Her finn du mellom anna namn og telefonnummer til alle tenesteleiarane i kommunen. I tillegg finn du mykje informasjon om kommunen og kva tenester vi tilbyr. Alle kommunale møter er synt i møtekalendaren, under oversikta "Politikk". Her finn de alle saker som skal handsamast i nær framtid, og saker som er handsama politisk, tilbake til 2006.

Legg også merke til at vi har ein aktivitetsskalendar som syner kva som hender i kommunen. Dersom du er med i eit lag/organisasjon, som skal arrangere møte eller ei samling ope for publikum, er de velkomne til å registrere dykkar arrangement. Og det er gratis! Arrangørar som ynskjer å legge inn sine arrangement kan vende seg til Gulen kommune for å få tildelt eit passord til bruk på sida.



Nye opningstider i bibliotekavdelingane frå 1.2.09



Hovudbiblioteket:	Måndag	kl 17-20
	Tysdag	kl 10-13
	Torsdag	kl 16-20
Brekke filial:	Torsdag	kl 17-20
Byrknes filial:	Torsdag	kl 15-20
Dalsøyra filial:	Tysdag	kl 17-20


Opningstider i haust- og vinterferiar:

Hovudbiblioteket:	Torsdag	kl 16-20
Brekke filial:	Torsdag	kl 17-20
Byrknes filial:	Torsdag	kl 15-18
Dalsøyra filial:	Tysdag	kl 17-20



Kunngjering - budsjett 2009 og økonomiplan 2009-2012


Budsjett for Gulen kommune 2009 og økonomiplan 2009–2012 vart vedteke 11.12.08, i K.sak 74/08. Forskrift for kommunale gebyr og avgifter m.m. for 2009 vart vedteke same dato. Du finn detaljinformasjon på www.gulen.kommune.no



Til orientering

Delar av sosial og barneverntenesta er midlertidig flytta inn i dei gamle prestekontora.

Helsing oss i sosial og barneverntenesta.



Til opplysning

Helsestasjonane står ikkje oppførte i den nye Lions-katalogen.

Helsestasjonane i Gulen:

Eivindvik:	Hennie:	57783830 / 97975760
	Wenche:	57783808 / 99202720
Brekke:		57785447
Byrknes:		57782125

Barnehage, SFO, og Musikk- og kulturskolen frå hausten 2009



Gulen kommune har barnehagetilbod på følgjande stadar: Brekke, Byrknes, Dalsøyra/Eidsbotn og Eivindvik/Haveland.

Private barnehagar:

Lovisendal barnehage i Brekke, og Sande barnehage på Ånneland.

Frå **15. august** er det ledige plassar ved alle avdelingane.

Alle skulane (Brekke, Byrknes, Dalsøyra, Eivindvik) har tilbod om SFO.

Musikk- og kulturskolen gir tilbod i alle skulekrinsane.

Praktiske opplysningar om søknad og prisar:

Dei som har plass i barnehage og ikkje ynskjer endring, treng ikkje søkje på nytt. Det må søkjast på nytt om plass i SFO og musikkskule.

Søknad om plass i SFO skal sendast til den skulen der du ynskjer plass.

Søknad om plass i barnehage skal sendast Gulen kommune, 5966 Eivindvik. Dette gjeld også om du søkjer plass i ein privat barnehage.

Nytt frå 2009: Alle som fyller 1 år innan 1. september, og som har søkt om barnehageplass innan fristen for hovudopptaket, har rett på plass frå august.

Søknadsfrist 1. april.

Søknad om plass i musikkskulen skal sendast Gulen musikkskule, 5961 Brekke.

Søknadsfrist 1.mai.

Søknadsskjema og fleire opplysningar får du på heimesida www.gulen.kommune.no, eller ved å kontakte kvar skule/ barnehage.

Takstar, foreldrebetaling pr. måned:

Dalsøyra/Eidsbotn barnehage gir berre tilbod om heil plass.

Foreldrebetaling der er kr. 1.770 pr. mnd.

Andre barnehagar: 5 dagar pr. veke: kr. 2.330

4 dagar pr. veke: kr. 2.000

3 dagar pr. veke: kr. 1.400

2 dagar pr. veke: kr. 930

Søskenmoderasjon: 30 % for barn nr. 2, og 70 % for barn nr. 3.

SFO:	Heil plass :	kr. 1.500
	Halv plass:	kr. 750
	2 t./ veke:	kr. 380

Moderasjonsordning som barnehagen, ved heil plass.

Musikk – kulturskolen: kr. 2.150 pr. år.

Melding frå helse- og sosialetaten

Prosjekt "Samkøyr".

Prosjektet har som føremål å samordne ansvarsgruppe og individuell plan for barn og unge med samansette behov over tid.

Ansvarlege for prosjektet er Hennie Lefdal og Linda Hantveit.

Prosjektet skal vere avslutta innan 11.07.09

Humor i Gulen!

NRK lurar på om det finst morosame menneske i Gulen som fortener eit eige humorprogram på NRK?



Klart det gjer!!!

NRK skal nemleg i gang med eit nytt TV-program der ein kan sende inn eigenproduserte humorinnslag. Serien har som mål å finne norske humortalent.

Jakta skal i første omgang gå føre seg på nettet heile våren, der alle som vil kan sende inn videoinnslag. Dei beste innslaga frå nettet vert med i TV-serien på NRK 1 til hausten. Her fortset konkurransen over 11 laurdagar, heilt til ein står att med ein vinnar.

Vinnaren får eit eige humorprogram på NRK! NRK treng tips frå vårt lokalmiljø til menneske og grupper som dei kan kontakte for å utfordre til å være med på dette; teaterforeiningar/scenegrupper/revygrupper, videoverkstadgrupper eller humoristiske "lokalkjendisar".

Vi vonar alle kan hjelpe oss å finne morosame menneske i vårt lokalmiljø, som fortener heile Norge som publikum! Send tips med namn, mailadresse og telefonnr. Til: tips@dennorskehumor.no. For meir informasjon: www.nrk.no/dennorskehumor.


Revisjon av "Idrettsplanen" for Gulen

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal reviderast i 2009. Idrettslag, velforeiningar og andre samanslutningar som ynskjer å søkje spelemidlar til ordinære anlegg/nærmiljøanlegg vil vere avhengig av at tiltaka er med i den kommunale planen. (Mindre kostnadskrevjande tiltak er unntekte kravet.)

Kulturkonsulenten oppmodar idrettslag, velforeiningar o.l. om alt no å drøfte kva for ulike tiltak ein ynskjer og har behov for i sitt nærmiljø, og få fram gode prosjekt, slik at ein er klar ved oppstart av planarbeidet. Planarbeidet vert varsla nærmare ved oppstart.

Oppstart av planarbeid er planlagt i byrjinga av mai 2009
Ny plan må vere ferdig politisk handsaming innan oktober 2009.

For informasjon om retningslinene for tildeling av spelemidlar, søknadsskjema m.m. sjå www.idrettsanlegg.no.




Kystsogevekene 2009

Kystsogevekene går i år av stabelen **8. august til 13. september**. Opning på Fønneskaia på Austrheim.



Lag og organisasjonar som planlegg arrangement under Kystsogevekene, vert oppmoda om tidleg å melde dei inn til kulturkonsulenten på Anne-Karin.Misje@gulen.kommune.no, då programmet for Kystsogevekene går i trykken i mars/april.

Meir info på www.kystsogevekene.no



Arrangement på Tusenårsstaden Gulatinget

Det er no opna for booking av Tusenårsstaden Gulatinget for sommarsesongen 2009. Lag, organisasjonar, arrangørar, bedrifter og einskildpersonar som ynskjer å bruke Tusenårsstaden til sine arrangement, er velkomne til å ta han i bruk.



For bestilling kontakt prosjektleiar Anne-K. Misje på Gulatinget@gulen.kommune.no eller tlf.57782006

For meir info om Tusenårsstaden, sjå Gulen kommune si heimeside.

Nytt frå Kyrkja

Gudstenester framover:

8. februar kl. 11.00:

Familiegudsteneste i Mjømna kyrkje.

8. februar kl. 15.30:

Familiegudsteneste på samfunnshuset i Bålen.

15. februar kl. 11.00: Gudsteneste i Brekke kyrkje.

22. februar kl. 11.00: Gudsteneste i Gulen kyrkje.

1. mars kl. 11.00: Gudsteneste i Mjømna kyrkje.

8. mars kl. 15.30: Gudsteneste i Brekke kyrkje.

15. mars kl. 11.00: Familiegudsteneste i Gulen kyrkje.

22. mars kl. 11.00: Gudsteneste i Mjømna kyrkje.

26. februar kl. 20.00: Temakveld i Nordgulfjorden samfunnshus. Jens prest vil snakke om fastetida, har den noko å bety for moderne menneske?

Jens



Basar

Brekke idrettslag held basar i Risnehall søndag 15. Februar Kl 1330. Premieutdeling fjelltrim, Brekke skulemusikk spelar. Me er takksame for gevinstar.

Brekke idr.lag v/Haldor Haugsdal

HEI PÅ DEG !

Likar DU å synge?
Har DU lyst å synge i kor?
Om DU syng alt, sopran, bass eller tenor, kom å bli med i DALSØYRA SONGKOR!!
Me øver kvar onsdag i musikkrommet på Dalsøyra skule frå kl.20.00-22.00
HJARTELIG VELKOMMEN skal DU vere, å synge er noko av det kjekkaste du kan gjere.

Kulturminneåret 2009

Fylkeskommunen har gjennom si heimeside invitert kommunane til å komme med forslag om eldsjeler i eigen kommune. Det vil alltid vere slik at når ein trekk fram nokre, så står ein i fare for at andre vert gløymde. Eg vil likevel gjere merksam på nokre namn frå Gulen, som har vore til stor glede og nytte når det gjeld å finne fram til og ta vare på kulturminne-kunnskap. Og ikkje minst til å formidle han.



Magnor Midtun, Eivindvik, har i alle år engasjert seg for å få fram kunnskap om lokal historie, og då særleg Gulatinget. Han har vore svært mykje brukt som omvisar og formidlar for enkeltpersonar og grupper i samband med krossane i Eivindvik og på Gulatinget. Han har også gjeve ut (saman med andre) fleire historiehefter; "Gulen- før og no". Magnor Midtun fekk i 2008 kommunen sin første "Gulating- pris" for innsatsen.

Bjarne Dåe, Brekke, er leiar av sokenemnda i Brekke, og har på same måte som Magnor vore aktiv i formidlinga av lokal historie. Han skreiv for få år sidan bygdebok for Brekke. Interesse for historie og god formidlingsevne gjer at han har vore mykje nytta av ulike lag og organisasjonar.

Takle vassbruksmiljø er ei samling av vedlikehaldne hus, kvernhus og stampe, knytt til elva på Takle. Stampa på Takle var "Årets kulturminne" i Gulen i 1997. Miljøet kring kvernhuset og stampa vert stadig arbeidd vidare med frå grunneigarane og bygda, og dei har årleg ein open dag der ein kan kome å sjå korleis alt fungerte. I tillegg har dei opplegg for formidling til skuleklassar. Det er bygda som er ansvarleg for dette, med kontaktperson **Rune Virkesdal**, Takle, Brekke.

Sellevåg treskofabrikk er eit freda teknisk-industrielt kulturminne (freda i 1996). Maskinene er drivne med rein vasskraft frå eigen turbin- med direkte reimoverføringar. **Magne Sellevåg**, Furnes, Dalsøyra, eig fabrikkene. Han arrangerer opne dagar der folk kan kome og sjå/ bli fortalt korleis produksjonen gjekk føre seg. Utan Magne sin innsats ville dette unike kulturminnet ikkje vore teke vare på

Fiskarbondemuseet på Byrknesøy er eigd av ei stifting. Dei har sete seg som mål å ta vare på,

dokumentere og synleggjere den lokale kulturarven i Gulen, knytt til kystkulturen, med vekt på fiskarbonden sine levekår. Her er samla ei mengd gjenstandar frå både sjø og land, skule og heimliv, bøker, skrifter og nedteikningar om skikk og bruk gjennom tidene. Gulen fiskarbondemuseum er ope for publikum med omvising om sommaren. Oftast kombinert med ei tema-utstilling. Det er mange eldsjeler knytt til eit slikt lokalt museum. Eg vel å nemne **Olav Solheim**, Byrknesøy. Noverande leiar er Inger Lexander Grimen, Byrknesøy.

På **Oppdalsøyra** har vi eit **skulemuseum**, eigd av Kystmuseet. Ei eldsjel i å få dette museet til å verte arena for historie- og kulturformidling er **Anne Grete Hønsi Opdal**, Oppdalsøyra, Dalsøyra. Museet vert nytta i Dalsøyra skule sine læreplanar, både innandørs og utandørs. Det var opning av museet rett før jul i 2008, og det er ein imponerende innsats som er lagt ned, både i å samle gjenstandar og legge til rette for drift. Men også i undervisningsmaterieell og opplegg for formidling.

Håkon Adalsteinfostre i Gula er namnet på eit historisk spel på Gulatinget, knytt til Kystsogeveke. Kunstnarleg leiar, drivkraft og eldsjel har vore **Ingrid Hellwege Haveland**, Haveland, Eivindvik. Stykket er skrive av Johannes Heggland. Det var i utgangspunktet skrive inn få born i stykket, noko Ingrid tok opp med forfattaren og fekk retta på. På denne måten fekk svært mange av dei yngre i Gulen eit tett forhold til, og dermed kunnskap om, Gulatinget. Spelet har vore svært viktig i arbeidet med å få fram Gulatinget som ein viktig nasjonal formidlingsarena og kulturminne.

Alle desse er eldsjeler på sine områder, og brenn for å formidle lokal historie.

Trude Brosvik.

Hjortejakta 2008

I 2008 fekk Gulen ny fellingsrekord på hjort. Det vart tildelt 603 dyr. Dette er ein auke på 86 dyr frå året før.

Fellingstala vart 542, dvs 90% avskyting i høve tildelinga. Dei valda som fekk endra minstearealet frå 1000 da til 500 da, har hatt 100% avskyting.

Fellingsresultatet finn de på www.gulen.kommune.no





NAV Gulen - ny arbeids- og velferdsforvaltning.

Stortinget har vedteke Ny arbeids- og velferdsforvaltning med formål å:

- få fleire i arbeid, færre på stønad
- tilpasse tenestene til brukarane sine behov
- få meir heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

Tidlegare Aetat og Trygdeetat vart avvikla frå 01.07.2006, samstundes som det vart etablert ein ny statsetat; NAV som skal syte for alle dei oppgåvene som tidlegare låg til Aetat og Trygdeetaten.

I samsvar med lovregulering blir det inngått samarbeidsavtale mellom Arbeids- og velferdetaten i Sogn og Fjordane og Gulen kommune om etablering og drift av **NAV Gulen**.

Den kommunale sosialtenesta vert innlemma i NAV Gulen frå opning av kontoret 17. mars 2009, men er framleis ei kommunal teneste. Den offisielle opninga av NAV Gulen er 30.04.09.

Dei kommunale tenestene i NAV er råd og rettleiing, økonomisk stønad, kvalifiseringsstønad, gjeldsrådgjeving, dør til dør transportteneste, parkeringskort, fyljekort, førebyggjande tiltak, timelister i høve tiltak knytt til Lov om sosiale tenester og rusomsorg.

NAV Gulen held til i kommunehuset med opningstid kl. 09.00 - 14.30.

Det nye NAV-kontoret har 6 tilsette og leiar er Asgeir Heimly.

Ved NAV-kontoret skal brukarane møte integrerte tenester, der tilsette frå statleg og kommunal forvaltning arbeider saman for å finne løysingar for brukarane i lag med dei.

Lokale mål for NAV Gulen:

- Brukarane skal oppleve god service hos NAV Gulen.
- NAV Gulen skal motivere alle brukarar til å kome i arbeid eller annan form for aktivitet.
- Alle brukarar under 25 år skal vere i aktive tiltak. Med aktive tiltak meinast ein dagleg aktivitet med faste tidsrammer.

- NAV Gulen skal motivere brukarar til mobilitet og fleksibilitet i forhold til marknad og yrkesval.
- I NAV Gulen skal vi være tydelige på roller og ansvarsforhold i samspelet mellom brukar og tilsett. Det er viktig at brukar tek ansvar i eigen situasjon/prosess.
- NAV Gulen skal etablere eit godt samarbeid og samspel med næringslivet og arbeidsgivarar i kommunen for å sikre tilgang på arbeids- og praksisplassar og samtidig bistå næringslivet med rekruttering av ny arbeidskraft og med sjukefråværsstøtte.

Ombygging av noverande lokale tok til januar 2009.

No har NAV eige kontor for reiseoppgjer

Du sender oss krava dine i posten. Vi sender frikortet heim til deg, og set pengar inn på kontoen din. Skjema finn du på www.nav.no/helsetjenester/reiseutgifter eller på NAV-kontoret.

Kva gjer du?

- Du fyller ut reiserekninga (elektronisk eller på papir) med all relevant informasjon.
- Du stiftar på bilag som viser dine faktiske utgifter.
- Du fører på fødselsnummer (11 siffer) kontonummer, og signerer.
- Du legg skjema, bilag og egedelkort i ein konvolutt og sender dei til:
- **NAV reiseoppgjer, Langebruvegen 28, 6800 Førde.**

Gode tips

- Ring tlf: 57015760 om du har spørsmål.
- Skal du reise med fly, eller drosje der det går buss? Kontakt køyrekontoret i Helse Førde tlf 57839700.
- På www.nav.no/helsetjenester/reiseutgifter finn du kravskjema.
- Apoteket har oversyn over all medisinbruken din, og fastlegen over alle legebesøk.

NAV Gulen oppfordra alle til å orientere seg på www.nav.no for meir informasjon.

Turboturar 2009.



**Avd.
Gulen**

DATO	RUTE/AKTIVITET	TUR	ARR.	PÅMELD.	TURLEIAR/MERKNAD
25.01.09	Fakkeltog Årskavalkade i Nordgulen	Familietur	BTG	Nei	Hege-Beth Brosvik 95 25 69 51
08.02.09.	Skidag KOM DEG UT	Familietur	BTG	Nei	Jan Even Østerbø 48 20 46 82
15.03.09	Badetur til Høyanger	Familietur	BTG	Ja	Anne Berit Takle 47 75 46 16
28.- 29.03.09	Nærmiljøkurs på Hjartholm	Turleiar kurs	BTG	Ja	Mona Hjartholm 99 35 66 94
26.04.09	Vestefjellet (Skjerjehamn)	Familietur	BTG	Nei	Lill Håvåg 97 97 57 74
24.05.09.	Nordgulsstølen- Langevatnet- Breidvikstølen	Voksen / ungdomstur	BTG	Nei	Wenche Midtun 41 61 84 43
24.05.09.	Breidvik- Breidvikstølen	Familietur	BTG	Nei	Lill Håvåg 97 97 57 74
31.05.09.	Råkeneset Sula	Familietur	BTG/ST	Nei	Linda Hantveit 41 46 41 16
20.- 21.06.09	TurboRock	Familiecamp	BTG	Ja	Anne Berit Takle 47 75 46 16
30.- 03.07.09.	Base Camp, Viksdalen	Ungdoms camp	Ungdom	Ja	Sogn og Fjordane Turlag 57 72 06 14
14.- 16.08.09.	BT- samling Solund	Turleiar insp. helg	SFT	Ja	Sogn og Fjordane Turlag 57 72 06 14
23.08.09.	Markhusdalen	Familietur	BTG	Nei	Elin Borge 91 36 44 45
06.09.09	Vikane- Brandsdalen	Kom deg ut			Linda Hantveit
06.09.09	Svardalen- Brandsdalen	Kom deg ut			Janne Neverdal 90 96 52 33
04.10.09	Taskebotn- Kjerringfjellet	Voksen/ungdom		Nei	Thomas Stølen 93 02 77 32
04.10.09.	Taskebotn- Mjånesfjellet	Familietur		Nei	Lill Håvåg 97 97 57 74
15.11.09.	Lommelykt tur til Kommandotårnet	Familietur	BTG	Nei	Lill Håvåg 97 97 57 74

Har de spm. ang. turane er det berre å ta kontakt med turleiar for turen.
Ynskjer ein informasjon frå Barnas turlag pr. mail så send mail add. di til;
btl.gulen@hotmail.com

Me ser fram til eit spennande år med flotte naturopplevingar i den variable og unike fjellheim som vår flotte kommune byr oss!!!


Mvh Styre i BTG 2009

- Linda, Hege-Beth, Lill, Thomas og Jan Even -

Gulen kommune, 5966 Eivindvik.

57 78 20 00. FAX 57 78 20 99. E-POST postmottak@gulen.kommune.no INTERNETT www.gulen.kommune.no





For 10-års-jubileum gonger arrangerer me messe på Oppdalsøyra. Tradisjonen tru satsar me på kunst og handverk, men opnar nå også for mat.

Messe-dagane er: laurdag 4.

og søndag 5. april
Leiga er pr. bord:
kr. 200,-
For påmelding:

Henrikka Hantveit 57783441

Liv Marit Kjelby 57783455

Påmeldings-
frist: 1. mars

Clrr. 1/2 Gula og grendehuset Gulatun

